

Føretak for framtida

Arbeidet med utviklingsplanar Helse Førde

Kvifor dette møtet?


- Orienterere om arbeidet vi har starta med utviklingsplanar
- Ein utviklingsplan for verksemda
 - Skal omfatte både somatikk og psykisk helsevern
 - Skal definere tenestene vi skal yte og omfanget av dei
- Ein utviklingsplan for bygningar
 - Skal gje status for bygningsmassen
 - Skal setje mål for å utvikle bygningsmessige ressursar

Føretak for framtida

- Vi ser på kapasitet, tenester og bygningar
- Arbeidet rører ikkje dagens struktur



Verksemdplanen



- Målet vårt er å sende utviklingsplan for verksemda på høyring tidleg i juni
- Vi ønskjer innspel
 - Perspektiv vi skal ha med oss
 - Område vi må ha fokus på
 - Prosessen vidare

Kvifor gjer vi dette no?

- Behov for oppdatering og få alle delar av verksemda med i utviklingsplanen
- Nasjonale føringar stiller nye krav til planar
 - «Alle utviklings- og utbyggingstiltak skal vere forankra i ein overordna utviklingsplan som består av ein verksemdsmessig og ein bygningsmessig plandel»
- Planverket skal rullerast jamnleg
- Utan planverket i orden ingen større utbyggingar
- Førde sentralsjukehus må moderniserast og byggast ut
- Planarbeidet skal gje grunnlag for lånesøknad til HOD

Pasienten i sentrum

Sjukehusstalen 7. januar:

«Mitt prosjekt som helse- og omsorgsminister er å skape pasientens helsetjeneste. Pasienten skal settes i sentrum, ventetider skal ned og kvaliteten skal heves.»



Pasientens helseteneste = framtidas helseteneste

- Vi ønskjer å utvikle tenestene våre slik vi meiner behovet vil vere hos våre pasientar fram mot 2030
- Viktig basis er demografiske utviklingstrekk
 - Sogn og Fjordane vil ikkje vekse, men vi vil bli mange fleire eldre
 - Kva må vi gjere for å møte ei aldrande befolkning?
- Vi skal tilby rett behandling på rett nivå
 - Ivareta sørge for-ansvaret for innbyggjarane
 - Nærleik til tenester vi treng ofte og mykje av
 - Sikre pasientane høgspesialiserte tenester



Framtidige tenester

Organisering **rundt pasienten** med dei ulike lidingane, ikkje rundt dei **ulike fagområda**.

Dette vil krevje tilrettelegging for heilskapelege og samordna pasientforløp:

Tverrfaglege poliklinikkar og team

Tverrfaglege mottak og sengeavdelingar


Samordna tenester psykisk helsevern/rus og somatisk helsevern

Samhandling internt og eksternt, med pasienten som utgangspunkt

Sterkere pasient og pårønderolle - pasientopplevd kvalitet blir viktig – jfr fritt behandlingsval

Helsetenester for innbyggjarane = perspektiv for analysar

Pasientane får helsetenester frå eit system som er større enn det einssilde sjukehus



Frå Utviklingsprosjekt Nordfjord sjukehus.

Nasjonal helse og sjukehusplan set pasienten i sentrum. Helse Førde tek utgangspunkt i befolkninga i Sogn og Fjordane i sin aktivitets- og framskrivningsanalyse.

Verksemdsmessig utviklingsplan

Omfattar klinisk verksemd, opplæring, forskning og utdanning og ikkje-medisinske servicetenester

Føremålet er å:

- Forankre utvikling av verksemda i overordna strategiar og rammer
- Gje grunnlag for prioritering av tiltak for utvikling

Slik arbeider vi



Bygningsmessig utviklingsplan

- Skal gjelde for heile Helse Førde
- Grunnmuren for bygningsplanen er utviklingsplanen for verksemda, med andre ord tenestene vi skal yte
- Vise korleis bygga kan utviklast for å møte auka og endra behov, fleire eldre, gje effektiv drift
- Syne krav til funksjonar og bygg, moglege løysingar, tiltak som trengst og investeringsbehov

Bygningmessig utvikling til no

- Utbygging Førde sentralsjukehus
- Nordfjord psykiatrisenter
- Indre Sogn psykiatrisenter
- Nordfjord sjukehus - Framtidas lokalsjukehus
- Lærdal sjukehus
- Ambulansestasjonar
- Ombyggingar Tronvik
- Leigeavtale Sunnfjord Medisinske Senter i Florø
- Prehospitalt bygg Førde sentralsjukehus

Utbygging FSS

- Førde sentralsjukehus bygt 1979
 - Treng opprusting/modernisering og treng nybygg
 - Førebels arealplan frå 2013 – utbygging for ein milliard
- Utviklingsplanane skal liggje til grunn for arealutvikling ved Førde sentralsjukehus (FSS) – både somatikk og psykisk helsevern.
- Målet er at vi innan utgangen av november skal vi ha klar ein søknad til HOD om lån for å byggje om og byggje ut sentralsjukehuset.
- Søkje om lån over statsbudsjettet 2017
 - Dersom vi ikkje får ferdig søknaden i november 2015, taper vi minst eitt år



Milepælar

- Høyringsrunde i kommunane
 - Utkast til verksemdplan på høyring 1. juni, frist tidleg i august
- Styrehandsaming Helse Førde
 - Slutthandsaming 23. oktober
- Styrehandsaming Helse Vest
 - Slutthandsaming 20. november
- Søknad Helse- og omsorgsdepartementet
 - Frist 27. november

- 
- **Utviklingsplanarbeidet skal gje eit framtidsretta spesialisthelsetilbod for folk i Sogn og Fjordane.**
 - **Skal vi klare å få søknaden gjennom så raskt som vi håpar, er den lokale politiske støtten viktig.**
 - **Får vi gjennomslag for det vi tenkjer no, blir dette eit av dei største byggjeprosjekta i fylket på mange år.**